

Offentleg lovutval for grunnopplæringa
v/ leiar Jon Christian Nordrum

Oslo, 29.05.2019

Innspel frå Norsk Målungdom til arbeidet med ny opplæringslov:

Ei ny opplæringslov med betre språkpolitikk

Norsk Målungdom vil nytta høvet til å koma med innspel til dei delane av opplæringslova som gjeld språkpolitikk generelt og nynorsk spesielt.

Med jamstillingsvedtaket i 1885 vart Noreg eit av dei fyrste landa som vart formelt fleirspråklege. Attåt dei offisielle språka nynorsk og bokmål og dei norske dialektene har Noreg eit særleg ansvar for dei samiske urfolksspråka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk. Me vonar at utvalet tek mål av seg å lyfta fram språkpolitikken i utdanningspolitikken, og at oppryddingane i lovverket kan betra vilkåra for brukarane av dei mindre brukte språka Noreg har eit særleg ansvar for.

I stortingsmeldinga *Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida* anerkjenner regjeringa at Noreg er og har alltid vore eit fleirspråkleg land. Det er ein god målsetnad å forma ut ein språkpolitikk som både skal ta vare på norsk som fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg, attåt å verna og styrkja dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk. Stortingsmeldinga ser rikdomen Noreg har i dei to norske skriftspråka og skriftkulturane bokmål og nynorsk, og ser at nynorsk er under press frå både bokmål og engelsk.

Omsynet til nynorsk vert ofte gløymt når ordskiftet går om den større eininga *norsk*. Norsk er både nynorsk og bokmål, og det er annleis å vera nynorskbrukar i mindretal enn bokmålsbrukar i fleirtal. Difor er me glade for at fleirtalet i familie- og kulturkomiteen i si handsaming av stortingsmeldinga kom med krav om målretta tiltak for å betra situasjonen for nynorsken og nynorskbrukarane, i kraft av å vera i mindretal.

Dette er i tråd med både *Granavollen-platforma* sitt mål om at språklova skal føre «*vidare prinsippa i lovverket i dag knytt til jamstilte målformer*» og eit av dei viktigaste språkpolitiske prinsippa i *Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida*:

«Det er behov for ein overordna og aktiv språkpolitikk som balanserer maktforholda mellom ulike språklege hegemoni. I nokon grad kan ein overordna strategi gjelde alle språka generelt, i andre samanhengar er det viktig å målrette tiltak overfor kvart enkelt språk.»

Opplæringsfeltet og opplæringslova er ein av stadane der det er viktigast med slike målretta tiltak for nynorskbrukarane. I dette arbeidet lyt ein vekta omsynet til den tradisjonelle jamstillinga mot trongen nynorskbrukarane har for mindretalsrettar – slik at me får ei reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål.

Nynorskelevane i mindretal

Nynorskelevar er i ein annan situasjon enn bokmålslevar. Medan bokmålslevar har høve til å sjå hovudmålet sitt elles i samfunnet, ser nynorskelevar ofte særleg lite av språket sitt i bruk. Skulen er ein av få stadar ein kan styra kva språk elevane ser, og difor er skulen ein særleg viktig arena for å sikra at nynorskelevane får sjå tilstrekkeleg mykje av hovudmålet sitt. Mange nynorskelevar byter språk til bokmål når dei kjem i mindretal. Dette skjer til dømes når dei kjem frå ein ungdomsskule der dei fleste nyttar nynorsk, til ein vidaregåande skule der fleirtalet nyttar bokmål. I område der nynorskbrukarane kjem i mindretal på ungdomsskulen, tek språkskiftet til alt då. Dette er grundig dokumentert i undersøkingar som Rapport om språkskifte i Valdres og Sogn og Fjordane (Målstreken, 2010) og Proba samfunnanalyse sin rapport *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål* (2014).

Språkskiftet har mange og komplekse grunnar. Ein av grunnane er at nynorskelevar på mange skular i randsonene ikkje får sjå språket sitt som undervisningsspråk utover sidemålsundervisninga til medelevarane sine. Mykje av løysinga ligg difor i at nynorsk må nyttast meir i andre fag enn norsk, og at skulane uttrykkjer tydeleg til elevane at dei vil at fleire skal halda på nynorsken. Skulane bør veta kva som er hovudmålet til elevane ved skulestart, slik at dei er sikra å få lærebøker på rett språk.

Nynorskelevar på vidaregåande – både på yrkesretta og studiespesialiserande liner – skal ha ein eigen rett til å få undervisning på nynorsk, som til dømes til å ha 25 prosent av undervisninga si på nynorsk.

Språkdelt ungdomsskule

Retten elevar har til å sjå hovudmålet sitt som undervisningsspråk dei sju fyrste åra av grunnskulen bør utvidast til å gjelda alle ti åra av grunnskulen. Den sokalla «Odda-modellen» med språkdelte klassar ogso på ungdomsskulen bør verta ei nasjonal ordning i kommunar med både nynorsk- og bokmåselevar. Staten bør stø kommunane dette gjeld for å dekkja ekstrakostnadene dette fører med seg.

Læremiddel: Definisjon og avgrensingar

NMU legg til grunn at alle elevar skal ha rett til læremiddel på eige hovudmål. Eventuelle unntak frå regelen bør berre skje der enkelte læremiddel på elevane sitt sidemål er tenleg for at dei skal verta tilstrekkeleg eksponerte for det. Elles lyt retten gjelda alle elevar, uansett kor små elevkull faga deira har, uavhengig av om skulen er offentleg eller privat ått.

I dag er det alt for mange kommunar og fylke som ikkje tek ansvar for at dei læremidla dei nyttar skal liggja føre på nynorsk, og stoda er verst når det gjeld digitale læremiddel. I *Rapport om digitale læremiddel i skulen med tanke på nynorsk* (2018) har Noregs Mållag dokumentert at sjølv solide nynorsk-kommunar som Volda ikkje gjorde krav om nynorskutgåver av digitale læremiddel og appar då dei innførte nettbrett i skulane sine. Når sjølv ikkje Volda fylgjer lova, er stoda truleg verre i kommunar der presset på nynorsken og nynorskelevane er endå større. Denne problemstillinga gjeld i aukande grad for norsk generelt, då fleire digitale læremiddel berre ligg føre på engelsk.

I dagens forskrift til opplæringslova er det skuleeigar som har ansvaret for å avgjera om ein læringsressurs er eit læremiddel eller ikkje. Det legg opp til ei lite effektiv sakshandsaming. Ei nyleg sak aktualiserer dette: Norsk Målungdom fekk spørsmål frå ein elev om nettsida til eit læreverk var eit læremiddel etter reglane i lova, då skulen berre gav tilbod om denne på bokmål. Me stilte spørsmålet til Utdanningsdirektoratet, men fekk til svar at det laut skuleeigar avgjere. Resultatet av dette kan verta at det skal gjerast over 400 saksutgreiingar og vurderingar av skulebyråkratar ute i kommunane for kvart einskild læremiddel. Den byråkratiske effektiviseringa som regjeringa arbeider for, vert sterkt svekka med den framgangsmåten Udir legg opp til.

Uavhengig av kven som har ansvaret, treng me ein klårare definisjon som passar betre til den digitale skulen. I den digitale skulekvardagen nyttar ein ogso appar og andre digitale verktøy som ikkje nødvendigvis er utvikla med tanke på bruk i skulen. Kva som vert definert som eit læremiddel bør vera basert på korleis ressursen vert nytta, ikkje kva som var tanken då han blei utvikla. Dei same krava må gjelda for digitale og trykte læremiddel, og det må vera eit krav at digitale verktøy som vert nytta regelmessig for å nå kompetansemåla i eit fag vert rekna som læremiddel.

Dagens definisjonar av kva som er eit læremiddel er uklare, og held ikkje i ei digital verd, og i dag er definisjonen på eit læremiddel ulik i lova og forskrifta. Framlegget vårt er:

Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som vert brukt i opplæringa for å nå kompetansemåla i læreplanverket.

Retten til eige språk bør ikkje berre gjelda læremiddel. Denne retten bør òg gjelda kontorstøtteprogram, operativsystem og andre digitale hjelpemiddel som er avgjerande for at nynorskelevane får ei like god opplæring som bokmåselevane – på sitt eige opplæringsspråk. Det var tidlegare slike krav til kontorstøtteprogram i forskrifta til opplæringslova, som var med på å sikra at dei viktigaste programvarene kom på nynorsk. Dette kravet lyt koma attende. Utan slike krav til operativsystem og kontorstøtteprogram, får nynorskelevane eit dårlegare tilbod. Eit slikt krav kostar ikkje i seg sjølv meir for staten eller kommunane, men er ein medviten bruk av marknadsmakt som kan føra til at både dei nasjonale og internasjonale leverandørane leverer tenester på nynorsk.

I dag er fag med under 300 elevar per kull på landsbasis unntatte kravet om læremiddel på både nynorsk og bokmål. Me meiner primært at kravet bør utvidast til å òg gjelda for slike fag. Eit alternativ er at læremiddel i desse faga kan vera språkdelt, med ein del på nynorsk og ein del på bokmål. Det er viktig at både bokmåls- og nynorskelevar får møta

språket sitt i alle faga dei tek på skulen, ogso dei små.

Læremiddel: Ei reell klage- og tilsynsordning

Det er uklart kven elevar og interesseorganisasjonar som Norsk Målungdom skal klaga til viss elevane ikkje får læremiddel på hovudmålet sitt. I ei sak frå 2018 fekk me ei klage frå ein elev i Hordaland som ikkje fekk læremiddel på nynorsk. Me klaga til fylkesmannen, som sende oss vidare til fylkeskommunen – som er skuleeigar, og soleis lyt handsama ei klage på seg sjølv. Eit anna døme frå Møre og Romsdal fekk me ei klage på vegner av ein elev som ikkje fekk nokon lærebøker på nynorsk og der skulen ikkje hadde eit system som sikra at dei nynorskbøkene dei hadde kom fram til nynorskelevane. Den klaga gjekk til fylkeskommunen og skulen i august, men eleven fekk ikkje lærebøker før i januar. Norsk Målungdom får få klagar og tips frå elevar, men når me er ute på skulane og er i kontakt med elevar gjennom lokallaga våre verkar det for at det særleg i område der nynorskelevane er i mindretal er dårlege rutiner og lite kunnskap om rettane til elevane. Me har grunn til å tru at det er store mørketal, at elevane veit for lite om kva språklege rettar dei har, at skulane ofte ikkje legg til rette for nynorskelevane i mindretal og at når elevane vil klaga er det vanskeleg å veta kven som skal ta i mot klaga. Dei manglande rutinane, den vantande kunnskapen og dei uklære klagerutinane undergrev retten elevane har til læremiddel på eige hovudmål. Dette er verst for nynorskelevane, og fører truleg til eit auka språkskifte frå nynorsk til bokmål.

Staten må ta sin del av ansvaret for at nynorskelevane får nynorske læremiddel; det kan ikkje berre vera opp til skuleeigar. Læremiddel er nasjonale, ikkje kommunale, og dagens ordning opnar for at det er dei som potensielt bryt lova som skal avgjera om dei fylgjer lovverket. Om det ikkje let seg gjera å endra dagens ordning, ynskjer me at eit statsorgan skal føra tilsyn med og kontrollere om skuleeigar fylgjer opp lovverket. Språkrådet fører tilsyn med andre språklege rettar, har både juridisk og språkfagleg kompetanse og er soleis det best egna organet for eit slikt ansvar. Språkrådet har tidlegare hatt ansvar for å godkjenna læremiddel, og har i dag ansvar for å godkjenna ordbøker og ordlister som vert nytta i opplæringa.

Eit anna alternativ er at staten syter føra ei godkjenningsordning for læremiddel som gjer at skuleeigarane enkelt kan skaffa seg oversyn over kva som ligg føre på både bokmål og nynorsk. I Danmark har ein ei godkjenningsordning for læremiddel, og me har tidlegare hatt ei slik ordning for trykte læremiddel i Noreg.

Sidemålsordninga i ei ny lov

Norsk Målungdom meiner sidemålsopplæringa bør byrja før 4. trinn på barneskulen, medan evna til å lære språk er størst og før fordømane mot språk har bygd seg opp. Dette må innebera både lesing og skriving på sidemålet. Ei undersøking frå TNS Gallup (2006) viser at bokmålslevane som startar med sidemålsundervising på 8. trinn er signifikant meir positiv til nynorsk enn dei som starta seinare på ungdomsskulen (s. 46). Dagens formulering i opplæringslova, om at ein skal ha opplæring i begge skriftspråk dei to siste åra i grunnskulen, er soleis pedagogisk uheldig. Ho er heller ikkje i tråd med gjeldande læreplan, eller framlegget til ny læreplan i norsk, der eksperimentering eller utforsking av sidemålet tek til allereie før 4. trinn. Det er dessutan ikkje i tråd med vurderingsordningane i gjeldande læreplan, der det er undervegsvurdering med karakter i sidemål allereie i 8. trinn. Dagens formulering verkar for å vera ei etterlevning frå tidlegare skulereformer, før det vart treårig ungdomsskule og før ein såg dei pedagoiske føremonene ved å starta med språkundervising tidleg på barneskulen.

Formuleringane her må difor oppdaterast i tråd med læreplanverket og pedagogisk kunne. Me tilrår difor ei formulering som lovfestar tidleg start med sidemål frå før 4. årstrinn, i tråd med gjeldande læreplan.

Eit framlegg frå Utdanningsdirektoratet er å omformulera dagens setning slik at den eleven har rett til opplæring i begge skriftspråka i tråd med gjeldande læreplanverk. Det er eit godt framlegg so lenge læreplanen legg opp til tidleg start med sidemål. Problemet med ei slik ordning er at den let det vera heilt opp til læreplanen å styra kva sidemålsundervising elevane har rett til. Ein svekkar med det retten til alle elevar har til å lære begge skriftspråka ved å ta dei ut av lova og regulera dei i læreplanen, som er ei forskrift regjeringa sjølv kan endra. Under skiftande politiske regime er det ei fare for at sidemålsundervisinga lettare kan svekkast i læreplanen enn i lovverket.

Fritak frå sidemål

Det bør vera strenge og klare reglar for å få fritak frå karaktervurdering i begge dei norske språka. Alle norske elevar skal

ha opplæring i begge dei norske skriftspråka, men skulen kan gje fritak frå karaktervurdering til enkeltelevar dersom det er gjort spesialpedagogiske enkeltvedtak som råkar kompetansemåla som famnar sidemålsundervising, elevar med kort butid i Noreg, eller som har vedtak om særskild norskopplæring. Alle vedtak om fritak frå karaktervurdering skal skje på grunnlag av søknad.

Omgrepsbruk: Målform og skriftspråk

Bokmål og nynorsk bør nemnast som to sjølvstendige skriftspråk, og ikkje målformer. Bakgrunnen for dette er at nynorsk og bokmål har to åtskilde brukargrupper og skriftkulturar, kvar sin grammatikk, syntaks og språksoge, og vert normert som to sjølvstendige språk. Ordet «målform» ber i seg ei forståing frå samnorsktida – at nynorsk og bokmål er former av det same språket, og difor kan tvingast saman til eitt språk. I 2002 vart den sokalla samnorskparagrafen fjerna, og i 2014 vart grunnlova vedteken i ny språkdrakt på både nynorsk og bokmål. Dette er eit sterkt signal om at nynorsk og bokmål er to åtskilde språk som står på sine egne bein, og det bør få fylgjer for kva ord me nyttar om skriftspråka. I kulturmeldinga *Kulturens kraft*, som ligg til grunn for arbeidet med den nye språklova og språkmeldinga, er ikkje omgrepet *målform* nytta.

Øg på opplæringsfeltet har det vore ei modernisering av omgrepsbruken. I overordna del av læreplanverket omtalar ein dei norske skriftspråka slik: «Norsk omfatter de likestilte skriftspråkene bokmål og nynorsk» (frå *1.2 Identitet og mangfold*). I det førebelse framlegget til ny læreplan i norsk er ikkje omgrepet målform nytta, noko som utvalseleiaren stadfestar var eit medvite val. Det er soleis i tråd med framtidens læreplanverk å nytta omgrep som skriftspråk.

Administrasjonsspråket på skulane

I dag er fell språkbruken i den administrative delen av skulen ofte i mellom to stolar – i mellom undervisningsspråket på skulen og administrasjonsspråket i kommunen. Dette er tydelegast på ungdomsskular og vidaregåande skular, som ikkje har noko vedteke opplæringsspråk. I nokre kommunar, som Fjell kommune, har ein regulert språkbruken på skulane i kommunale språkbruksplanar. Men det er mange døme på at ungdomsskular i nynorskkommunar ikkje nyttar nynorsk. Konsekvensen er at nynorskelevane, som treng mest mogleg nynorsk i kvardagen for å verta trygge i språket sitt, ser mindre nynorsk på skulen enn dei elles ville ha gjort. Administrasjonsspråket i grunnskulen bør difor sjåast i samanheng med opplæringsspråket og administrasjonsspråket. Dessutan bør nynorsken vera synleg i skilting og i administrasjonen på vidaregåande skular i område med nynorskelevar.

Fiern retten til å velja språk i lærebøkene

I dag vel foreldra skriftspråk i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet, i alle andre fag enn norsk. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet. Dette er ein ulogisk rett som undergrev det demokratisk vedteke opplæringsspråket på skulane, og som dessutan er pedagogisk uheldig. Me vil difor fjerne denne retten.

Nynorsk i vaksenopplæringa

Nynorsk er ein del av norsk kultur og norsk kvardag, og for å kunna ta fullverdig del i den mangfaldige norske kulturen er nynorskkunnskapar viktige. Dette er særleg viktig for innvandrarar som kjem til nynorskområde. Konsekvensen av at innvandrarar i nynorske kjerneområde berre lærer bokmål, er at dei ikkje vert språkleg integrerte i lokalsamfunnet sitt. Dei vil ha problem med å lesa lokalaviser, brev frå kommunen, hjelpa egne barn med skulelekser og å forstå dialekten. Norsk Målungdom meiner at alle innvandrarar i nynorskområde må få opplæring og læremiddel på nynorsk. I dag er dette eit uregulert område som i mange kommunar vert avgjort av kva språk dei tilsette ynskjer å lære vekk. I nokre tilfelle har kommunestyret fatta vedtak om opplæringsspråket i vaksenopplæringa, men framleis har berre 53 av dei 113 kommunane som krev nynorsk frå staten nynorsk vaksenopplæring. Endå til er det ni språkneutrale kommunar med fleirtal av nynorskelevar i grunnskulen som har vaksenopplæring på bokmål.

Dette må regulerast i lova, slik at det vert nynorskopplæring i kommunar som krev nynorsk frå staten. Eit alternativ er å påleggja kommunane å fatta vedtak om kva språk det skal vera opplæring i. Elevar på vaksenopplæringa må dessutan ha rett til læremiddel på egne hovudmål, på same måte som elevar i grunnskulen og på vidaregåande skular.

Språk og demokrati: Røysteglar og parallellklasseretten

I grunnskular skal det vera rådgjevande folkerøystingar før kommunen endrar undervisningsspråket på skulen. Ved slike røystingar skal det vera ålmenn røysterett, slik at alle i krinsen kan røysta. Ved desse røystingane skal sekstenåringar ogso ha røysterett. Vert to skular med ulikt undervisningsspråk slått saman, skal det òg vera rådgjevande røysting før kommunen avgjer kva undervisningsspråk den nye skulen skal ha. Vert ein nynorskskule og ein bokmålskule slått saman,

skal det dei fyrste fem åra vera tilbod om nynorskklasse utan krav til kor mange elevar som skal gå i klassen.

Foreldre skal ha rett til å skipa parallellklassar dersom foreldra til 10 eller fleire born krev det. Denne retten gjeld ikkje om det er færre enn 10 elevar att med skulen sitt hovudmål. I kommunar med meir enn 70 000 innbyggjarar skal kommunen tilby nynorskklassar, uavhengig av kor mange foreldre som krev det. Det same gjeld regionsenter i område med nynorskomland, som til dømes Fagernes i Valdres, Haugesund på Haugalandet og Otta i Gudbrandsdalen.

Språklege rettar på friskular

Elevar på friskular og privatskular har færre språklege rettar enn elevar i den offentlege skulen. I friskulelova er det so godt som ingen språklege rettar. Det er heller inga tydeleg regulering av kva som skal vera opplæringspråket på ein friskule. Det bør vera røystingar òg på desse skulane. Elevar bør ha like gode språklege rettar, uavhengig av kva skular foreldra vel. Og ikkje minst: Elevar bør ikkje straffast for at foreldra private alternativ til dei offentlege institusjonane, særleg ikkje gjennom reduserte språklege rettar. Sjølv om denne utgreiinga gjeld den offentlege skulen, er dette eit relevant tema som bør tematiserast og som ein med ein fordel kan ta opp i ei seinare utgreiing om friskulelova.

Nynorsk i lærarutdanninga

For å sikra opplæring i både nynorsk og bokmål, som elevane har rett til etter dagens opplæringslov, er ein avhengig av ei god lærarutdanning. Språkleg trygge lærarar er nøkkelen til å skapa språkleg trygge elevar med god språkkompetanse og gode språkhaldningar. Alle lærarar skal vera språklærarar og treng difor god kompetanse i begge skriftspråka. Det er mange måtar å verta lærar på, og me treng mange ulike typar lærarar. Felles for alle er at dei må nytta språk i møte med elevar og barnehageborn. Det gjeld uansett om borna er eller vert nynorsk- eller bokmålslevar. Det vil seie at utdanningsinstitusjonane må sikra at studentane får den kompetansen dei treng for å gjennomføra jobben sin.

Utdanningsinstitusjonane går ofte ut ifrå at lærarstudentane har kompetansen dei treng i både nynorsk og bokmål frå vidaregåande skule, men dette stemmer ikkje nødvendigvis. Lærarstudentane som har hatt nynorsk som sidemål har i mange tilfelle ikkje kompetansen dei treng for å læra bort nynorsk, som igjen fører til at elevane – blant dei neste generasjon norsklærarar – heller ikkje meistrar språket. Denne vonde sirkelen må løysast opp.

Denne stoda er kartlagt i sluttrapporten frå Ressursgruppe for nynorsk som hovudmål (2013), Proba samfunnanalyse sin rapport *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål* (2014) og Følgjegruppa for lærarutdanningsreforma sin rapport nummer 5 *Grunnskulelærarutdanningane etter fem år – Status, utfordringar og vegar vidare* (2015). I delrapportane nummer 2 (2012) og 4 (2014) står det meir om saka. Sjølv om dette ikkje er eit tema for sjølve lova, bør utgreiinga til utvalet problematisera korleis manglande nynorskopplæring i lærarutdanninga i praksis hindrar at elevane får den opplæringa dei har krav på. Særleg viktig er dette for nynorskelevane.

Språk i barnehagen

Kvart år byrjar om lag 8000 barnehageborn på ein skule med nynorsk opplæringsmål. For svært mange av desse borna går mykje av den tidlege lesinga føre seg på bokmål; på nettet, i teikneseriar, dataspel og bøker. Me veit at mange av dei yngste nynorskelevane er minst like flinke i bokmål som i nynorsk, og at det nynorske språkbiletet deira er veikare enn me ynskjer.

I desember 2016 gjennomførte Landsamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) og Stiftinga Pirion ei spørjeundersøking blant styrarane i 728 barnehagar i nynorskkommunar og kommunar med minst ein firedel elevar i grunnskulen med nynorsk som hovudmål. Undersøkinga viser at fleirtalet av barn i nynorskbarnehagar møter oftare song og høgtlesing på bokmål enn på nynorsk.

Barnehagar som sender born vidare til skular med nynorsk opplæringsmål, må difor ta eit særleg ansvar for å sikra eit godt og omfattande tilfang av nynorsk, slik at borna får bada i språket sitt alt frå barnehagetida. Barnehageborn som skal starta på ein nynorskskule bør ha rett til å møta nynorsk i barnehagen. Den samla nynorskopplæringa frå barnehage til vidaregåande bør verta teken opp og problematiserast i utgreiinga.

Dokumentasjon av språk i skulen

I Grunnskulens informasjonssystem (GSI) er det grundig dokumentasjon på kor mange nynorskelevar og bokmåselevar det er i grunnskulen, men elles er det mykje informasjon som manglar eller som er lite tilgjengeleg. Eit døme er at talet på elevar som vel kvensk ikkje er tilgjengeleg i GSI, sidan kvensk og finsk som andrespråk vert handsama som éin kategori. Me er difor avhengige av talet på elevar som tek eksamen i kvensk som andrespråk for å seia noko sikkert om kor mange kvenskelevar det er i skulen. I vidaregåande skule finst det ikkje eit like godt informasjonssystem som i grunnskulen, og det er ikkje ein gong dokumentert kor mange av elevane som har valt nynorsk som hovudmål. Det finst elles lite dokumentasjon av språkynska og språkvala til foreldra åt born i barnehagen. Det må på plass ein tydelegare dokumentasjon av språkval og språkynske gjennom heile skulelaupet – frå barnehage til vidaregåande – og dette bør problematiserast i utgreiinga.

Andre språklege mindretal

Norsk Målungdom meiner at ei ny opplæringslov må sikra brukarane av norsk teiknspråk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes opplæring i språka sine. Fleire skular skal kunna tilby teiknspråk som framandsspråk eller valfag for elevar som ikkje har teiknspråk som fyrstespråk.

Morsmålsopplæring gjev røynleg høve til å læra om og halda på dei kulturelle røtene sine. Norsk Målungdom meiner at alle menneske har rett til å kjenna eige morsmål, anten det er eitt eller fleire. Gode kunnskapar om morsmålet er ogso grunnleggjande for seinare språkopplæring. Dimed er dette viktig for at elevar med andre morsmål enn norsk skal utvikla gode norskferdigheiter.

På vegner av Norsk Målungdom



Fredrik Hope
leiar

Vedlegg: Konkrete formuleringar

Språkdelt ungdomsskule

Legg til setning på slutten av ledd ein i §2-5 i lova:

Elevane har rett til å gå i eigne nynorsk- og bokmålsklassar fram til 10. årstrinn.

Læremiddel: Ei reell klage- og tilsynsordning

Legg til ny setning under kapittel 14 Tilsyn eller under § 2-5:

Språkrådet fører tilsyn med og opererer som klageorgan for språkreglane i denne lova.

Læremiddel: Eit nasjonalt ansvar

Endra §17-3 i forskrifta:

Skuleeigar og departementet har ansvaret for at retten til eleven til læremiddel på sitt skriftspråk blir oppfylt etter § 17-1 og § 17-2. Dette gjeld uavhengig av kor mange elevar som brukar bokmål og nynorsk i kommunen eller fylkeskommunen. Skuleeigar skal ha eit forsvarleg system, jf. opplæringslova § 13-10, for å sikre at retten til eleven blir oppfylt. Elevar og språkorganisasjonar kan klage til Språkrådet viss dei meiner skuleeigar bryt reglane.

Læremiddel: Definisjon og avgrensingar

Endra fjerde ledd i § 17-1 i forskrifta (stryk «som er utvikla til bruk i opplæringa»):

Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som vert brukt i opplæringa for å nå kompetansemåla i læreplanverket.

Endra §17-2 i forskrifta ved å stryke fyrste setning («(...) breitt utval av læremiddel»), slik at paragrafen ser slik ut:

Kjeldestoff, bakgrunnsstoff, artiklar, avisar, oppslagsverk og likande kjem ikkje under kravet til språklege parallellutgåver, sjølv ved regelmessig bruk. Læremiddel der den norske teksten utgjør ein mindre del, kjem ikkje inn under kravet til språkleg parallellutgåve.

Legg til setning under §17-2 i forskrifta:

Den samla bruken av læremiddel, digitale hjelpemiddel og andre ressursar skal ikkje føre til at elevane får ein for liten del av opplæringa på hovudmålet sitt.

Læremiddel, operativsystem og kontorstøtteprogram

Legg til ny setning to i fyrste ledd i § 9-4 i lova:

Til bruk i opplæringa skal det berre brukast kontorstøtteprogram og operativsystem som ligg føre på både nynorsk og bokmål.

Læremiddel: Mindre fag

Primærframlegg: Stryk siste setning i andre ledd i § 17-1 i forskrifta:

Kravet til språkleg parallellitet gjeld berre for fag med årskull over 300 elevar.

Sekundærframlegg: Endre siste setning i andre ledd i § 17-1 i forskrifta:

I fag med årskull over 300 elevar skal det berre brukast språkdelt læremiddel med om lag 50 prosent av teksten kvart av skriftspråka.

Sidemål

Primærframlegg: Endra fyrste setning i ledd seks i §2-5 i lova til:

Elevane skal ha opplæring i både nynorsk og bokmål frå før 4. årstrinn.

Sekundærframlegg: Endra fyrste setning i ledd seks i §2-5 i lova til:

Elevane skal ha opplæring i både nynorsk og bokmål i tråd med gjeldande læreplan.

Parallellklasseretten: Rett til nynorskklasser i byane

Legg til ny setning i §2-5 i lova:

I kommunar med meir enn 70 000 innbyggjarar skal det verte gjeve tilbod om nynorskklasser uavhengig av kor mange foreldre som krev det.

Parallellklasseretten: Rett til nynorskklasse i regionsenter med nynorskomland

Legg til ny setning i §2-5 i lova:

I regionsenter som grensar til kommunar med nynorske skulekrinsar skal det verte gjeve tilbod om nynorskklasse uavhengig av kor mange foreldre som krev det.

Parallellklasseretten: Tal elevar att i gruppa

Endra setning to i fjerde ledd i §2-5 i lova:

Retten gjeld så lenge det er minst ti elevar igjen i denne gruppa.

Røystereglar: Generelle røystereglar

§2-5 i lova og kapittel 4 i forskrifta skal vera som i dag, med ålmenn røysterett.

Røystereglar: Røysterett for 16.åringar

Endra § 9.2 i forskrifta:

Røysterett har alle som bur i det området som soknar til skolen etter opplæringslova § 8-1, og som den 30. dagen før røystemøtet står innførte i folkeregisteret som busette i kommunen, og seinast i det året folkerøystinga blir halden, vil ha fylt 16 år.

Røystereglar: Fem år med nynorskklasse etter røysting

Legg til setning ledd sju i §2-5 i lova eller §9-5 i forskrifta:

Når ein nynorskskule vert slått saman med ein bokmålskule, skal det uavhengig av utfall verte gjeve tilbod om nynorskklasse uavhengig av kor mange foreldre som krev det dei fem fyrste åra etter røystinga.

Vaksenopplæringa: Opplæringsspråk

Primærframlegg: Legg til setning i ledd ein i §4A-1 i lova:

*Kommunane nyttar nynorsk eller bokmål som opplæringsspråk i tråd med kva språk dei har valt staten skal nytta i kommunen, i tråd med *Forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar*.*

Sekundærframlegg: Legg til setning i ledd ein i §4A-1 i lova:

Kommunane vedtek om dei nyttar nynorsk eller bokmål som opplæringsspråk.

Vaksenopplæringa: Læremiddel

Legg til setning i ledd tre i §4A-1 i lova:

Læremiddel som vert nytta i opplæringa av vaksne skal liggje føre på nynorsk og bokmål til same tid og same pris.

Nynorskundervisning på vidaregåande

Legg til ein eigen paragraf (t.d. ny §3-8) om nynorskelevane sine rettar i vidaregåande opplæring:

Elevar med nynorsk som hovudmål har rett til å få ein del av undervisninga på nynorsk både på yrkesfaglege og studiespesialisierende liner. Delen av nynorskundervisning skal ikkje vere mindre enn 25 prosent.

Fjern retten til foreldra å velja lærebøker

Stryk desse setningane i §2-5 i lova:

Foreldra vel målform i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.

Adminstrasjonsspråket på skulen

Legg til ny setning til dømes etter siste setning i siste ledd i § 13-1 i lova:

Barneskular skal administrerast på opplæringsspråket til skulen. Kommunen eller fylket fattar vedtak om administrasjonsspråket på ungdomsskular og vidaregåande skular.

Omgrepsbruk

Gjennomgåande: Endre målform til skriftspråk eller nynorsk og bokmål alt etter kva som høver.